



DET KONGELEGE  
FORSVARSDPARTEMENT

# St.prp. nr. 6

(1999-2000)

---

## Om endringar i løyvingar mv. i forsvarsbudsjettet for 1999

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet av 12. november 1999,  
godkjend i statsråd same dagen.*

## 1 Formål og hovudoversikt

### 1.1 Formål

---

Forsvarsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om visse endringar i løyvingar i forsvarsbudsjettet for 1999. Formålet er å skape samsvar mellom løyvingane under dei einskilde kapittel og postar og dei endringane i budsjettføresetnader som har skjedd sidan forsvarsbudsjettet for 1998 vart utarbeidd.

Saker Stortinget bør informerast særskilt om vert omtala under del I Formål og hovudoversikt og bak under del III Spesielle saker. Endringane på kapittel/post kjem fram under vedtaksdelen i denne proposisjonen.

### 1.2 Forhold som endrar ramma for 1999-budsjettet

---

#### 1.2.1 Nedtrekk grunna meirforbruk i 1998

Avslutninga av rekneskapen for 1998 synte eit meirforbruk under kap 1760, post 48, kap 1710, post 01 og kap 1795, post 01 på totalt 120,007 mill. kroner, eller høvesvis 110,354 mill. kroner, 8,672 mill. kroner og 0,981 mill. kroner. Desse midla vil verte dekte ved at ramma for 1999 vert foreslått redusert tilsvarende, fordelt på kapitla som stod for overskridingane.

#### 1.2.2 Netto meirinntekter i 1999

I forhold til inntekter løyvde i Blå bok 1999 vert det ei netto meirinntekt (brutto meirinntekter minus mindreinntekter) på 107,057 mill. kroner. Desse inntektene vert foreslått tillagt ramma for 1999 under tilvising til vedtakspost IV i St. prp. nr. 1 (1998-99) som gir Forsvaret ein generell meirinntektsfullmakt for alle inntekter under Forsvarsdepartementet, unnateke militære bøter og inntekter frå refusjoner i samband med Internasjonale fredsoperasjonar. Meirinntekt grunna refusjonar frå FN utgjer 60,092 mill. kroner. Dette er refusjonar i samband med operasjonar frå tida før unntaket om inntekter i samband med Internasjonale operasjonar, vart lagt inn i meirinntektsfullmakta omtala ovanfor. Brutto meirinntekt 1999 utgjer samla 229,867 mill. kroner, jf. spesifikasjon i pkt 2.2. Brutto mindreutgift utgjer samla 122,810 mill. kroner med følgende fordeling:

Kap 4760, post 48 Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid er redusert med 105 mill. kroner grunna lavare refusjonar frå NATO enn venta, kap 1760, post 48 er tilsvarende redusert. Kap 4725, post 15 Refusjon frå lærlingeordninga er redusert med 14 mill. kroner, kap 1725, post 01 Driftsutgifter er tilsvarende redusert. Kap 4719, postane 70 Renter låneordning og 90 Lån til bustadformål, er til saman reduserte med 3,310 mill. kroner grunna lavt rentenivå og lavare innløyving av lån enn forventa.

### 1.2.3 Tilleggsloøyving i 1999

#### *Finansiering av Kosovo-styrka (KFOR)*

Etter at luftoperasjonane mot Den føderale republikken Jugoslavia (FRJ) vart fullført i juni, vart det ved FN-sikkerhetsrådsresolusjon 1244 gjeve mandat til ein internasjonal styrke, Kosovo Force (KFOR), for å skapa trygge omgjevna-der i Kosovo. Når det gjeld norsk deltaking i KFOR I, er Telemark bataljon (TMBN) initielt forsterka med eit ingeniørkompani, totalt 1,292 personell deployert til Kosovo, der operativ kommando vart overteke 12. oktober. I tillegg til TMBN deltar Noreg med informasjonsoffiserer, sambandselement og stabsoffiserar i hovudkvarter. Det norske bidraget inngår i den britisk leia brigaden i det sentrale Kosovo, der også Finland, Sverige og Canada stiller styrkebidrag.

Utgiftene i samanheng med å deployera nemnde einingar er for 1999 venta å vera 880 mill. kroner, som er foreslått tilleggsloøyvde.

### 1.2.4 Midlar ført attende til statskassen

Det er for 1999 foreslått å føra tilbake til statskassen 163,035 mill. kroner i samanheng med mindreutgifter på kap 1792 Norske styrker i utlandet. Mindreutgifta kjem som følgje av at vårt styrkebidrag til SFOR (vår internasjonale styrke i Bosnia) er vesentleg redusert etter at KFOR (Kosovo) vart oppretta. Netto mindrebehov er 202,535 mill. kroner. Frå dette beløpet er det foreslått loyvd 38 mill. kroner til kjøp av SISU (pansra personellkjøretøy) og 1,5 mill. kroner til dekking av stabsoffiser i Øst-Timor.

## 1.3 Det økonomiske grunnlaget for omgrupperingsproposisjonen

### 1.3.1 Økonomisk grunnlag

Grunnlaget for omgrupperingane er vedteke budsjett (Blå bok) for 1999 og seinare løyvingsendringar som Stortinget har vedteke, fullmakter gitt av Stortinget til Finansdepartementet som ikkje kjem fram som løyvingsendring under dei einskilde departementa og midlar ført over frå 1998. Det er og teke omsyn til Forsvarets del av lønskompensasjon for 1999, 54,5 mill. kroner.

I 1999 er det for Forsvarsbudsjettet sett i verk faktiske løyvingsendringar ved følgjande:

- St. prp. nr. 62 (1998-99), jf. Innst. S. nr. 161 «Forsvarets bidrag ifm krisen i Kosovo» medført å auka utgiftsramma med 305 mill. kroner.
- St. prp. nr. 67 (1998-99), jf. Innst. S. nr. 236 (1998-99), «Omprioriteringer og tilleggsbevilgninger på Statsbudsjettet 1999» medførte å auke utgiftsramma med 682 mill. kroner og inntektsramma med 3,2 mill. kroner.
- St. prp. nr. 87 (1998-99), jf. Innst. S. nr. 223 (1998-99), «Om endringar i regulativ for tillegg mv til utskrevne vernepliktige mannskaper» medførte ein rammeauke på 10,566 mill. kroner.

Tabell 1.1: Faktisk løyving på utgiftssida før omgruppering 1999 kjem fram slik (i 1 000 kroner):

Blå bok 1999	24 439 244
Innst S nr 161 (1998-99)	305 000
Innst S nr 236 (1998-99)	682 000

Tabell 1.1: Faktisk løyving på utgiftssida før omgruppering 1999 kjem fram slik (i 1 000 kroner):

Innst S nr 223 (1998-99)	10 566
= Faktisk løyving før omgruppering	25 436 810
Midlar ført over frå 1998	341 967
Lønnskompensasjon for 1999	54 500
Disponible midlar i 1999 før omgruppering	25 833 277

Tabell 1.2: Disponibel løyving på inntektssida før omgruppering 1999 kjem fram slik (i 1 000 kroner):

Blå bok 1999	824 299
Innst S nr 236 (1998-99)	3 200
= Løyving før omgruppering	827 499

Tabell 1.3: Løyvingsbehov på utgiftssida i samband med omgrupperingsproposisjonen vert slik (i 1 000 kroner):

Nedtrekk grunna meirforbruk i 1998	-120 007
Midlar ført attende til statskassen	-163 035
Reduksjon løyving grunna mindreinntekter i 1999	-122 810
Auka løyving grunna meirinntekter i 1999	229 867
Tilleggsloyvingar	880 000
=Sum behov ved omgrupperinga	704 015
+ Løyving før omgruppering	25 436 810
=Total løyving etter omgrupperinga	26 140 825

Tabell 1.4: Løyvingsbehov på inntektssida i samband med omgrupperingsproposisjonen vert slik (i 1000 kroner):

Løyving før omgruppering	827 499
Netto meirinntekter	107 057
=Sum behov ved omgrupperinga	934 556

Departementet foreslår på denne bakgrunn, under forslag til vedtak, at løyvingane vert endra med ein auke på 704,015 mill. kroner på utgiftsramma og ein auke på 107,057 mill. kroner på inntektsramma.

### 1.3.2 Utgifter

Tabell 1.5: Utgifter gruppert etter posttypar (i 1 000 kroner)

		Mindreutg -
Post	Formål	Meirutg +
01	Driftsutgifter	711 116
21	Spesielle driftsutgifter	1 999
43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet	-18 000

Tabell 1.5: Utgifter gruppert etter posttypar (i 1 000 kroner)

44	Fellesfinansierte bygg- og anleggsarbeider, nasjonalfinansiert del	-30 000
45	Store nyskaffingar	131 209
47	Nye bygg og anlegg	87 940
48	Fellesfinansierte bygg og anleggsarbeid	-125 354
50	Overføringar til statsinstitusjonar	-30 782
60	Tilskot til kommunar	430
70	Rentestønad	1 400
72	Avgongsstimulerande tiltak	-9 943
75	Noregs tilskot til NATO's driftsbudsjett	5 000
75	Fellesfinansierte bygg- og anleggsarbeid, Noregs tilskot til infrastrukturprogrammet i NATO	-20 000
90	Lån til private	-1 000
Sum		704 015

### 1.3.3 Inntekter

Tabell 1.6: Inntekter gruppert etter posttypar (i 1 000 kroner)

Post	Formål	Mindreutg - Meirutg +
01	Driftsinntekter	66 954
11	Salsinntekter	21 726
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	-14000
16	Refusjon fødselspengar	23
45	Store nyskaffingar	140 664
48	Fellesfinansierte byggje- og anleggsinntekter	-105 000
70	Renteinntekter	-523
90	Lån til bustadformål	-2 787
Sum		107 057

Tala i tabellane ovanfor syner netto endringar på dei ulike postane. Utgiftstabellen er inklusiv fordeling av netto meirinntekter.

## 2 Hovudtrekk i omdisponeringane og forklaringar på dei største utgifts- og inntektsendringane gruppert etter posttypar

### 2.1 Utgifter

---

#### 2.1.1 Post 01 Driftsutgifter

Postane 01 er foreslått netto auka med 711,116 mill. kroner. Meirbehovet er dekt ved at midlar er flytta frå investeringskapitlet, ved meirinntekter og i form av forslag om tilleggsloøyvingar. Den store auken på posten skuldast 880 mill. kroner som er søkt tilleggsloøyvd i samband med norske styrkar i Kosovo (KFOR) medan ca. 164 mill. kroner er foreslått ført attende til statskassen grunna redusert norsk bidrag i Bosnia (SFOR). Følgjande vesentlege endringar er foreslått;

#### *Forsvarets tele- og datateneste (kap 1710)*

FTD har eit meirbehov på 30,1 mill. kroner, noko som i hovudsak skuldast at dei har fått eit sentralt ansvar for innbetaling av Microsoft-lisensar og difor er tilført midlar frå andre kapittel.

#### *Felles leiging og kommandoapparat (kap 1720)*

Kapitlet har eit totalt meirbehov på ca 68 mill. kroner. Auken skuldast m.a. nye stillingar ved Militærmisjonen i Brussel, meirbehov på øvinga Battle Griffin for Forsvarskommando Sør-Noreg, meirutgifter i samband med ny kommandostruktur i NATO og finansiering av prosjekt Reisenorm i Forsvaret.

#### *Fellesinstitusjonar og - utgifter under FO (kap 1725)*

Kapitlet er foreslått redusert med 74, 6 mill. kroner for å dekkje opp meirbehov på andre kapittel.

#### *Hæren (kap 1731)*

Hæren sitt kapittel er på driftssida redusert med 13,3 mill. kroner. Reduksjonen skuldast i hovudsak finansiering av ei ekstra permisjonsreise som foreslått av Haaker-utvalget.

#### *Norske styrkar i utlandet (kap. 1792)*

Kapitlet er foreslått ein netto auke på 678,9 mill. kroner for å kunne deployere styrker til KFOR.

Bruttoutgiftene i denne samanheng er for 1999 venta å vera 880 mill. kroner som er foreslått tilleggsloøyvde.

I samanheng med Noregs engasjement i KFOR vart det norske styrkebidraget i Bosnia (SFOR) vesentleg redusert. Dette har ført til at det på kap 1792 har oppstått eit netto mindrebehov på ca 163 mill. kroner.

### **2.1.2 Post 21 Spesielle driftsutgifter**

Posten er foreslått auka med 1,999 mill. kroner.

### **2.1.3 Post 43 Til disposisjon for Forsvarsdepartementet**

Posten er foreslått redusert med 18 mill. kroner.

Løyvinga representerer ein reserve for Forsvarsdepartementet som vert foreslått nytta til dekning av ymse auka driftsbehov. Midla vert såleis fordelte på andre kapittel.

### **2.1.4 Post 44 Fellesfinansierte bygg- og anleggsarbeid, nasjonalfinansiert del**

Posten er foreslått redusert med 30 mill. kroner. Midlane er foreslått omdisponert til post 48 for delvis dekning av meirforbruk i 1998.

### **2.1.5 Post 45 Store nyskaffingar**

Posten er netto foreslått auka med 131,209 mill. kroner. Auken skuldast i hovudsak meirinntekt, 140 mill. kroner, på kap 4760 grunna attendeføring av midlar frå USA ved såkalla «FMS-caser». Dette er midlar innbetalte til amerikanske bankar som ein tryggleik ved inngåing av materiell-kontrakter. Ubrukte midlar vert såleis ført attende når prosjekta er slutførte.

Ca 60 mill. kroner er foreslått tilført posten ved meirinntekter frå kap 4792 Norske styrkar i utlandet. Dette er refusjonar frå FN og skal nyttast til gjenskaffing og vedlikehald av materiell nytta av dei tidlegare FN-styrkene, m.a. gjenskaffing av materiell etter den norske helikopterstyrken i Bosnia (NOR-AIR). 38 mill. kroner er flytta frå kap 1792 for å dekkja meirkostnader grunna prisstigning på pansra personellkjøretøy (SISU).

30 mill. kroner er flytta til post 48 Fellesfinansierte byggje og anleggsarbeid til dekking av meirutgifter i 1998 medan ca. 20 mill. kroner er flytta til post 47 Nye bygg og anlegg til dekking av EBA-delen av opprustinga av Grensevakta ved Garnisonen i Sør-Varanger.

### **2.1.6 Post 47 Nye bygg og anlegg**

Postane er foreslått netto auka med 87,940 mill. kroner. Auken skuldast i hovudsak aktivitetsauke og gjeld midlar til opprusting av Grensevakta ved Garnisonen i Sør-Varanger, forsert produksjon av eksisterande prosjekt, utredning om samla forvaltning av Forsvarets EBA og ny elektrisk verkstad på Bodø flystasjon.

### **2.1.7 Post 48 Fellesfinansierte bygg- og anleggsarbeid**

Posten er foreslått redusert med 125,354 mill. kroner. Reduksjonen skuldast i hovudsak NATO-prosjekt som ikkje vert autorisert i inneverande år. Inntektene er såleis redusert tilsvarande. Posten hadde i 1998 eit meirforbruk i høve

til løyvingane på ca 110 mill. kroner. Dette skuldast inntektssvikt som måtte dekkjast frå utgiftssida. Midlane til inndekking av meirutgifta er i hovudsak tilført frå andre postar under same kapittel.

#### **2.1.8 Post 50 Overføring til Statens pensjonskasse**

Posten er foreslått redusert med 30,782 mill. kroner.

Reduksjonen gjeld færre førtidspensjoneringar enn forutsett.

#### **2.1.9 Post 60 Tilskot til kommunar**

Posten er auka med 0,430 mill. kroner som eingongstilskot til Trøgstad kommune i samband med overdraging av eigedom og naudsynte sikringsarbeid i den samanheng.

#### **2.1.10 Post 70 Renter**

Posten er foreslått auka med 1,4 mill. kroner.

Dette skuldast lavere utbetaling av rentestønad enn venta.

#### **2.1.11 Post 72 Avgongsstimulerande tiltak**

Posten er foreslått redusert med 9,943 mill. kroner

Dette skuldast lavere utgifter ved avgongsstimulerande tiltak enn venta.

#### **2.1.12 Post 75 Noregs tilskot til NATO sitt driftstilskot**

Posten på kap 1719 er foreslått auka med 5,0 mill. kroner.

Posten gjeld innbetalingar til NATO og VEU og kan variere noko frå år til år. Posten vert difor foreslått regulert ved dei årlege omgrupperingsproposisjonane.

#### **2.1.13 Post 75 Fellesfinansierte bygg- og anleggsarbeid**

Posten er på kap 1760 foreslått redusert med 20,000 mill. kroner.

Posten gjeld Noregs tilskot til fellesfinansierte infrastrukturprosjekt, og blir i stor grad regulert av NATOs behov. Midla er foreslått omdisponerte til fellesfinansierte bygge- og anleggsprosjekt for å dekkje opp redusert ramme grunna mindreinntekter.

#### **2.1.14 Post 90 Lån til private**

Posten er foreslått redusert med 1,000 mill. kroner.

Dette skuldast lavere utbetaling enn venta av forskott i samband med bustadfinansiering.

## **2.2 Inntekter**

---

### **2.2.1 Post 01 Driftsinntekter**

Posten er foreslått netto auka med 66,954 mill. kroner.



Dette skuldast auka refusjonar frå FN og auka driftsinntekter i Luftforsvaret.

### **2.2.2 Post 11 Salsinntekter**

Posten er foreslått netto auka med 21,726 mill. kroner.

Dette skuldast auka refusjonar frå FN, generelle salsinntekter og bonusinntekter frå SAS og Color Air.

### **2.2.3 Post 15 Refusjon frå arbeidsmarknadstiltak**

Posten er foreslått redusert med 14,0 mill. kroner.

Auken gjeld lavere refusjon enn venta for kursverksemd for Arbeidsmarknadsetaten

### **2.2.4 Post 16 Refusjon fødselspengar**

Posten er foreslått auka med 0,023 mill. kroner.

### **2.2.5 Post 45 Store nyskaffingar - inntekter**

Posten er foreslått løyvd 140,664 mill. kroner.

Dette skuldast attendeføring av midlar frå USA ved «FMS-ordninga». Dette er midlar innbetalte til amerikanske bankar som ein tryggleik ved inngåing av materiellkontraktar. Ubrukte midlar vert såleis ført attende når prosjekta er slutførte.

### **2.2.6 Post 48 Fellesfinansierte byggje og anleggsinntekter**

Posten er foreslått redusert med 105,0 mill. kroner. Dette har sin bakgrunn i manglande autorisasjon frå NATO på planlagte fellesfinansierte prosjekt. Utgiftssida går såleis tilsvarande ned, og desse midla vert ført attende til statskassen.

### **2.2.7 Post 70 Renter låneordning**

Posten er foreslått redusert med 0,523 mill. kroner.

Reduksjonen skuldast det lave rentenivået i første halvår 1998.

### **2.2.8 Post 90 Lån til bustadformål**

Posten er foreslått redusert med 2,787 mill. kroner.

Reduksjonen skuldast lavere innbetaling av lån/innløysing av lån enn venta.

### 3 Spesielle saker

#### 3.1 Bestillingsfullmakter

---

##### *Kap 1731 Hæren*

Hærens bestillingsfullmakt på post 01 vert foreslått auka med 40 mill. kroner til totalt 490 mill. kroner på grunn av nødvendig kjøp av reservedelar til Hovudarsenalet etter øvinga Battle Griffin .

##### *Kap 1733 Luftforsvaret*

Luftforsvarets bestillingsfullmakt på post 01 vert foreslått auka med 20 mill. kroner til totalt 1 020 mill. kroner grunna auka forpliktingar ved utdanning av personell i USA.

#### 3.2 Forsvarets deltaking i den internasjonale militære styrken (KFOR) i Kosovo i 1999

---

##### *Bakgrunn*

Etter at luftoperasjonane mot Den føderale republikken Jugoslavia (FRJ) vart fullført i juni, vart det gjennom FN-sikkerhetsrådsresolusjon 1244 gitt mandat til ein internasjonal styrke, Kosovo Force (KFOR), for å skapa trygge omgjevnader i Kosovo. I samsvar med operasjonsplanen for KFOR, skal styrken i løpet av hausten bestå av ca 50,000 personell. KFOR er godt etablert i Kosovo og har militær kontroll over situasjonen, sjølv om det framleis finn stad lokal etnisk uro og noko voldsbruk mellom kosovoalbanerar og serberar. KFOR sine oppgåver består i å gi humanitær assistanse til flyktningar og internt fordrevne, oppretthalde lov og orden, rydde miner og eksplosivar, og oppgåver knytte til FN, OSSE og andre som har ansvaret for den sivile gjenoppbygginga.

##### *Norsk styrkebidrag til KFOR*

Når det gjeld norsk deltaking i KFOR I, er Telemark bataljon (TMBN), initielt forsterka med eit ingeniørkompani, totalt 1,292 personell deployert til Kosovo der operativ kommando vart teken over 12. oktober. I tillegg til TMBN deltek Noreg med informasjonsoffiserar, sambandselement og stabsoffiserar i hovudkvarter. Det norske bidraget inngår i den britisk leda brigaden i det sentrale Kosovo, der og Finland, Sverige og Canada stiller styrkebidrag. Noreg har teke over den sentrale sektor innan brigadeområdet som ligg på den vestlege sida av hovudstaden Pristina rundt byane Oblic og Kosovo Polje. Hoveddeployeringa av TMBN vart slutført 8. oktober, og alt er så langt gått etter planen. Den norske bataljonen har deployert i eit uroleg og etnisk samansett operasjonsområde der krava til eigenvern og mobilitet er svært strenge. TMBNs investeringar i pansra materiell har derfor vore store, i tillegg til at etablering

av leir i et område der det knapt var nokon form for infrastruktur, har vist seg svært ressurs-krevjande.

Det vert planlagt for at det norske styrkebidraget til KFOR II, som skal deployerast våren 2000, vil verta redusert i forhold til KFOR I, forutsett at utviklinga innanfor den sivile iverksettinga i Kosovo går som forventa, mellom anna ved at FN og andre internasjonale organisasjonar i stor nok grad klarer å ivareta sine oppgåver.

### *Forholdet SFOR-KFOR*

Parallelt med førebuingane til KFOR i Kosovo, stod NATO framfor ein restrukturering av SFOR i Bosnia, med ein vesentleg reduksjon av styrken som målsetting. For å kunna etterkoma målsettingane knytte til deployeringa til Kosovo og som eit ledd i SFORs restruktureringsprosess, vil den norske SFOR-bataljonen i Modrica verte terminert 5 november og den nordisk-polske brigaden i SFOR vil nedleggast i byrjinga av januar 2000. Det vert planlagt for at det nordisk-polske engasjementet vil verte ført vidare i form av ei bataljonsgruppe (Nordic Polish Battle Group, NORDPOLBG) på totalt *ca 800 personell* leda av Danmark og Polen med støtte frå Noreg, Finland og Sverige. Frå norsk side er det teke sikte på å delta med ein forsynings/transport tropp som saman med det nasjonale støtte-elementet og ei gruppe norske stabsoffiserar i SFOR-hovudkvarter i Sarajevo og Tuzla totalt vil utgjere *ca 100 personell*. Ut frå rekrutteringsmessige omsyn kan det norske bidraget i utgangspunktet førast vidare fram til sommaren 2000. Heile den nordisk-polske bataljonsgruppa vil vere stasjonert i Dobojo-området.

Som følgje av nedtrekket i den norske deltakinga i SFOR (som allereie er løyvd for 2. halvår 1999), vil utgiftene verte ca. 200 mill. kroner lavare enn tidlegare rekna med. Av desse midlane vil 38 mill. kroner verte foreslått omdisponert til investeringskapitlet for å dekkje prisstigning på 28 SISU (pansra personellkøyretøy) som vart godkjent skaffa ved tilleggsloyving i omgrupperingsproposisjonen for 1998. Netto innsparing vil såleis vere ca. 163 mill. kroner som vil verte foreslått ført attende til statskassen i samband med denne omgrupperingsproposisjonen.

### *Finansiering*

Utgiftene i samband med å deployere ovannemnde einingar er for 1999 om lag 880 mill. kroner og er fordelt som følgjer:

Driftsutgifter:		
-	Lønsutgifter	233 mill. kroner
	beløpet gjeld alle utgifter til løn og godtgjeringar	
-	Varer og tenester (pågåande utg. heime og i operasj. området)	168 mill. kroner
-	Varer og tenester (eingongsutgifter)	265 mill. kroner
	(modifikasjon av pansra personellkøyretøy, bekledning/utrustn kont 1, oppbygging reservedelslager, infrastruktur, våpentekn matr, osv.)	
Større utstyrscaffingar (spesielt for KFOR)		
-	Utstyrscaffingar spesielt for KFO	186 mill. kroner

	(Pansra feltvogner/lastevogner, kommunikasjons-kontainerar, innkjøp hjullastar/gravemaskin osv.)	
-	Meirkostnader ved forsering av naudsynte prosjekt	28 mill. kroner
	(modernisering/pansring 21 stk M113 pansra pers. kjøretøy, innkjøp 3 minerydderar og 5 stk Leopard-chassis som plattform for bombekastarar)	

Dei samla utgiftene for norsk deltaking i KFOR er vurderte til 880 mill. kroner og vert foreslått tilleggslovyde.

### **3.3 Omgruppering av 38 mill. kroner frå kap 1792, post 01 til kap 1760, post 45 - SISUAR**

Dei norske styrkane i tidlegare Jugoslavia nyttar dei finske pansra personellkjøretøya SISU til ambulanseoppdrag. Desse er i dag «leasa», men er nå slitne ut og må skiftast. Ein fortsatt «leasingavtale» er lite kostnadsffektiv og departementet foreslo difor i omgrupperingsproposisjonen for 1998 at Forsvaret vart tilleggslovyd 75 mill. kroner til kjøp av 28 nye vogner. Det vart i den samanheng vist til St. prp. nr. 14 (1996-97, Innst. S. nr. 71 (1996-97) der det var fleirtal for at 300 mill. kroner omdisponerte frå materiellinvesteringar til finansiering av IFOR, skulle løyvast på nytt ved behov. I samanheng med omgruppering for 1997 fekk Forsvaret ca. 80 mill. kroner av desse midla og i omgrupperingsproposisjonen for 1998 vart det bestemt av Stortinget at Forsvaret skulle få løvyd dei nemnde 75 mill. kroner til kjøp av nye SISUAR. Det har derimot vore ein sterk prisstigning på desse vognene, og Forsvaret kan berre skaffe 20 vogner for dei midla som vart tilleggslovyde i 1998.

Forsvarsdepartementet foreslår difor i denne proposisjonen å nytte 38 mill. kroner av mindreforbruket på kap 1792 Norske styrkar i utlandet, til finansiering av dei siste 8 kjøretøya.

### **3.4 Vederlagsfri overdraging av Trøgstad fort til Trøgstad kommune med eit eingongstilskot på kr 430 000,- til naudsynte sikringsarbeid**

Som følgje av omorganiseringane de seinare åra og nedlegging av avdelingar i Forsvaret er det ikkje lenger behov for etablissementet Trøgstad fort. Den siste militæravdelinga som brukte fortet var NIKE - bataljonen sitt Trøgstad batteri som vart nedlagt i 1991, men det var fortsatt ein del mindre militær verksemd på fortet fram til 1993. All militær verksemd som har vore knytt til fortet er avvikla eller flytta.

Fortet er verneverdig, men Forsvaret har gått inn for å behalde og verne eit tilsvarande fort på Høytorp ved Mysen i Trøgstad sin nabokommune Eidsberg. Departementet ser trass i dette gjerne at Trøgstad fort vert tatt vare på som eit kulturminne og Trøgstad kommune er villig til å påta seg den oppgåva dersom eigeidomen blir overført vederlagsfritt til kommunen. Det knyter seg sterke kulturinteresser til fortet, som ein del av Glommalinjen.

Trøgstad fort omfattar ein bygningsmasse på 5721 m<sup>2</sup> og et fjellanlegg på 870 m<sup>2</sup>. Grunneidomen er på 440 daa, der ca. 220 daa som utgjer det indre leirområde er gjerda inn. Dei andre ca. 220 daa omgjev det indre leirområdet

og dannar fortet sitt forterreng. Det er utført ein verditakst på egedomen og normal marknadsverdi er oppgitt til kr 5 000 000,-. Det er då ikkje teke omsyn til nødvendige oppryddings- og sikringsarbeid som er vurderte til ca. kr 2 000 000,-. Nokre av bygningane på Trøgstad fort er leigde ut vederlagsfritt til kommunen mot at dei sørgjer for delvis drift og vedlikehald. Ein av bygningane er sett i god stand ved ein kostnad på ca kr 550 000,-, som kommunen og foreiningar har skote inn.

For Forsvaret er det en fordel at fortet vert avhenda for å sleppe framtidige drifts- og vedlikehaldsutgifter. Med dei restriksjonane som ligg på eit verneverdig etablissement er omsetningsverdien på den opne marknaden avgrensa.

Trøgstad kommune har lenge vist interesse for å overta Trøgstad fort for å utvikle dette som eit kulturminne. Skal ein få til dette må staden tilførast verksemd av næringsmessig og kulturell art. Fortet ligg nær kommunesenteret Skjønnehaug, og representerer eit attraktivt friluft- og rekreasjonsområde. Ein kombinasjon av desse formåla vil vere siktemålet med dei planer kommunen nå arbeider med, eit fleirbruk som skal ta vare på fortet sitt særpreg.

Store deler av bygningsmassen på fortet ber preg av forfall fordi den har stått unytta i lengre tid.

Eit tilhøve, som har stor interesse i lokalmiljøet, er at området er vurdert som eit av Europas viktigaste overvintringsstader for ei rekkje utryddings- truga flaggermusarter. Ein plombering (attstøyping) av fjellanlegget og ein endra bruk av restareal vil difor kunna kome i konflikt med naturverninteresser og reguleringsstyresmakter. Kommunen er kjend med dette og er klar til å ta omsyn til dette. Forholdet har også relevans for verdifastsettinga og er ikkje lagt inn i takstgrunnlaget.

Departementet finn det prisverdig at kommunen vil ta på seg oppgåva med å oppretthalde fortet som eit av kulturminna som er knytte til regionens forsvarshistorie.

Departementet foreslår difor at kommunen får overdra fortet vederlagsfritt og at det i tillegg vert ytt eit eingongstilskot over kap 1795, post 60, på kr 430 000,- til dei mest naudsynte sikringsarbeida slik at fort-området kan opnast for folk flest. Det må takast atterhald om at etablissementet vert nytta som forutsett og at kommunen forpliktar seg til å ikkje selje egedomen vidare utan samtykke frå Forsvarsdepartementets i 10 år etter overdraginga.

### **3.5 Vederlagsfri overdraging av to egedomar til Sola kommune**

---

Som følge av omorganiseringane dei seinare åra og reduksjonar innan avdelingar, er det blitt ledig ein del etablissement som Forsvaret ikkje lenger har nytte av. I Sola kommune er det m.a. ein del frittliggjande bygningar utanfor sjølv flyplassområdet, som har vore nytta av Sola flystasjon. Eit av disse bygga er ein ekstysk hestekoforma splintvoll til vern mot fly, som det etter krigen vart lagt tak på og kalla for «splinthangaren». Bygningen er i dårleg forfatning og treng vedlikehald. Bygget har ikkje varmeanlegg og er ikkje tilknytt vatn og avløp.

Bygget som er på 1 182 m<sup>2</sup> ligg på eigartomt på ca. 3,6 daa og taksten set ein salsverdi på kr 900 000,-. Den private Stiftinga Flyhistorisk Museum Sola treng lagerplass og har søkt om å få disponere bygningen. Stiftinga har hoved-

tyngden av sin flysamling (40 stk. med stort og smått) i ein hangar på Sola Sjø som har for liten plass. Utstillinga omfattar 25 fly, der 13 stk. er utlånt frå Forsvarsmuseet (dubletter). Hangaren på Sola Sjø er eigd av Rogaland fylkeskommune. Mykje verdifullt flymateriell må lagrast under open himmel pga. plassmangel og vert dermed vesentleg forringa før det kan restaureres.

Verksemda til Flyhistorisk Museum Sola er eit supplement til den verksemda Forsvarsmuseet driv, og det er imponerende kva dei har fått til med frivillig innsats og små midler. Forsvarsdepartementet finn det rett å støtte denne verksemda, som i stor grad omfattar forsvars- og krigshistorisk flyaktivitet. Departementet går derfor inn for å overdra splinhangaren med tomt og adkomstrett vederlagsfritt til Sola kommune, som igjen vil stille den vederlagsfritt til disposisjon for Flyhistorisk Museum Sola.

Det vert tatt atterhald om at etablissementet vert nytta som forutsett og at stiftinga får bruke dette så lenge den har behov for det. Kommunen forpliktar seg til å ikkje selja vidare eigedomane utan samtykke frå Forsvarsdepartementets i 10 år etter overdraginga.

### **3.6 Vederlagsfri overdraging av bygningar i utkanten av Soma leir**

---

I Soma leir, som ligg like i nærleiken av den nemnde splinhangaren, er den private Stiftinga Krigshistorisk Museum Rogaland, gjennom nokre år, blitt gitt høve til vederlagsfri bruk av 5 bygningar som Forsvaret ikkje har behov for, mot å ta seg av drift og vedlikehald. Desse bygningane ligg heilt i utkanten av Soma leir og kan lett skiljast ut. Den største av dei 5 bygningane, ein enkel lagerbygning, har ei grunnflate på 869 m<sup>2</sup> og er taksert til kr 875 000,-. Dei fire andre bygningane er på til saman 823 m<sup>2</sup> og taksten for desse er kr 750 000,-.

Verksemda til Stiftinga Krigshistorisk Museum Rogaland er basert på frivillig dugnadsinnsats og det er nedlagt eit svært omfattande arbeid for å samle og stille ut all slags materiell og utstyr som har tilknytning til andre verdskrig og Forsvaret. Ein del av utstyret og materiellet er utlånt frå Forsvarsmuseet. Samlinga/utstillinga er eit godt regionalt tilbud og supplement til den museumsverksemda som Forsvaret driv i eigen regi.

Forsvarsdepartementet finn det rett å støtte også denne verksemda og går inn for å overdra dei nemnde bygningane, med passende arrondert tomt, vederlagsfritt til Sola kommune som vil stille desse til vederlagsfri disposisjon for Krigshistorisk Museum Rogaland.

Det vert tatt atterhald om at etablissementet vert brukt som forutsett og at stiftinga får bruke dette så lenge dei har behov for det. Kommunen forpliktar seg til ikkje å selja vidare eigedomane uten samtykke frå Forsvarsdepartementets i 10 år etter overdraginga.

Forsvarsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i løyvingar mv. i forsvarsbudsjettet for 1999.

---

**Vi HARALD,** Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere omprioriteringar/auke/reduksjon på statsbudsjettet for 1999 i samsvar med eit framlagt forslag.

Tilråding frå Forsvarsdepartementet ligg ved.

---

## Forslag til vedtak om endringer i statsbudsjettet for 199

### I.

#### Utgifter:

Kap.	Pos t	Formål	Kr
1700		Forsvarsdepartementet	
	01	Driftsutgifter, vert auka med	2 120 000
		frå kr 123 688 000 til kr 125 808 000	
1710		Fellesinstitusjoner og statsforetak under FD	
	01	Driftsutgifter, vert auka med	30 161 000
		frå kr 322 584 000 til kr 352 745 000	
	70	Rentestønad, kan overførast, vert auka med	1 400 000
		frå kr 4 500 000 til kr 5 900 000	
	90	Lån til private, kan overførast, vert redusert med	1 000 000
		frå kr 1 000 000 til kr 0	
1719		Fellesutgifter under FD	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med	5 400 000
		frå kr 18 757 000 til kr 13 357 000	
	43	Til disposisjon for FD, vert redusert med	18 000 000
		frå kr 18 000 000 til kr 0	
	75	Noregs tilskot til NATO sitt driftsbudsjett, kan overførast vert auka med	5 000 000
		frå kr 82 000 000 til kr 87 000 000	
1720		Felles leiing og kommandoapparat	
	01	Driftsutgifter, vert auka med	68 382 000
		frå kr 1 145 291 000 til kr 1 213 673 000	
1725		Fellesinstitusjonar og utgifter under FO	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med	74 591 000
		frå kr 1 009 645 000 til kr 935 054 000	
	50	Overføringar til statsinstitusjonar, kan overførast, vert redusert med	30 782 000
		frå kr 108 000 000 til kr 77 218 000	
	72	Avgongsstimulerande tiltak, kan overførast, vert redusert med	7 943 000
		frå kr 15 000 000 til kr 7 057 000	
1731		Hæren	



**St.prp. nr. 6**

17

Om endringer i løyvingar mv. i forsvarsbudsjettet for 1999

	01	Driftsutgifter, vert redusert med	13 317 000
		frå 4 740 553 000 til kr 4 727 236 000	
	72	Avgongsstimulerande tiltak, kan overførast, vert redusert med	2 000 000
		frå kr 2 000 000 til kr 0	
1732		Sjøforsvaret	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med	960 000
		frå kr 2 788 521 000 til kr 2 787 561 000	
1733		Luftforsvaret	
	01	Driftsutgifter, vert auka med	5 100 000
		frå kr 3 612 887 000 til kr 3 617 987 000	
1734		Heimevernet	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med	2 680 000
		frå kr 710 399 000 til kr 707 719 000	
1735		Forsvarets etterretningsteneste	
	21	Spesielle driftsutgifter, vert auka med	1 999 000
		frå kr 549 749 000 til kr 551 748 000	
1760		Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg	
	01	Driftsutgifter, vert auka med	35 667 000
		frå kr 326 904 000 til kr 362 571 000	
	44	Fellesfinansierte bygg- og anleggsarbeid, nasjonalfinansiert del, ka overførast, kan nyttast under kap 1760, post 47, vert redusert med	30 000 000
		frå kr 108 833 000 til kr 78 833 000	
	45	Større utstyrskauffingar, kan overførast, vert auka med	131 209 000
		frå kr 5 725 073 000 til kr 5 856 282 000	
	47	Nye bygg og anlegg, kan overførast, kan nyttast under kap 1760 postane 11 og 44, vert auka med	78 275 000
		frå kr 926 910 000 til kr 1 005 185 000	
	48	Fellesfinansierte bygg- og anleggsarbeid, fellesfinansiert del, kan overførast vert redusert med	125 354 000
		frå kr 355 995 000 til kr 230 641 000	
	75	Fellesfinansierte bygg- og anleggsarbeid, Noregs tilskot til infrastrukturprogrammet i NATO, kan overførast, kan nyttast under kap 1760, post 44, vert redusert med	20 000 000
		frå kr 183 083 000 til kr 163 083 000	
1790		Kystvakta	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med	4 815 000
		frå kr 570 137 000 til kr 565 322 000	
1791		Redningstenesta	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med	2 874 000
		frå kr 189 303 000 til kr 186 429 000	
1792		Norske styrkar i utlandet	
	01	Driftsutgifter, vert auka med	678 965 000
		frå kr 1 268 000 000 til kr 1 946 965 000	

1795		Kulturelle og allmenntytige formål	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med	4 815 000
		frå kr 146 707 000 til kr 142 065 000	
	47	Nye bygg og anlegg, kan overførast, vert auka med	9 665 000
		frå kr 35 335 000 til kr 45 000 000	
	60	Tilskot til kommunar, vert auka med	430 000
		frå kr 23 150 000 til kr 23 580 000	

## Inntekter:

Kap.	Pos t	Formål	Kr
4710		Fellesinstitusjonar og statsforetak under FD	
	70	Renter låneordning, vert redusert med	523 000
		frå kr 3 023 000 til kr 2 500 000	
	90	Lån til bustadformål, vert redusert med	2 787 000
		frå kr 8 062 000 til kr 5 275 000	
4720		Felles leing og kommandoapparat	
	11	Salsinntekter, vert auka med	5 100 000
		frå kr 14 277 000 til kr 19 377 000	
4725		Felles leing og kommandoapparat	
	15	Refusjon arbeidsmarkeditak, vert redusert med	14 000 000
		frå kr 31 746 000 til kr 17 746 000	
4733		Luftforsvaret	
	01	Driftsinntekter, vert auka med	14 424 000
		frå kr 23 276 000 til kr 37 700 000	
	11	Salsinntekter, vert auka med	9 587 000
		frå kr 69 670 000 til kr 79 257 000	
4760		Nyskaffingar av materiell og nye bygg og anlegg	
	45	Store nyskaffingar, vert løyvd	140 664 000
		frå kr 0 til kr 140 664 000	
	48	Fellesfinansierte byggje og anleggsinntekter, vert redusert med	105 000 000
		frå kr 352 723 000 til kr 247 723 000	
4792		Norske styrkar i utlandet	
	01	Driftsinntekter, vert auka med	53 030 000
		frå kr 3 370 000 til kr 56 400 000	
	11	Salsinntekter, vert auka med	7 039 000
		frå kr 3 500 000 til kr 10 539 000	
	16	Refusjon fødselspengar, vert løyvd med	23 000
		frå kr 0 til kr 23 000	
4795		Vaksenopplæringa	

01	Driftsinntekter, vert redusert med	500 000
	frå kr 5 000 000 til kr 4 500 000	

## II

## Meirinntekter

Stortinget samtykkjer i at Forsvarsdepartementet for 1999 kan nytte meirinntekter på kap 4792 Norske styrkar i utlandet til større utstyrskauffingar på kap 1760, post 45.

## III

## Overdraging av eigedomar og bygningar

Stortinget samtykkjer i at Forsvarsdepartementet kan overdra Trøgstad fort vederlagsfritt til Trøgstad kommune og overdra splinhangaren og 5 bygningar i Soma leir vederlagsfritt til Sola kommune for at kommunen skal stille disse til vederlagsfri disposisjon for Stiftelsen Flyhistorisk Museum Sola og Stiftelsen Krigshistorisk Museum Rogaland.

## IV

## Overføring av midler til 2000

Stortinget samtykkjer i at Forsvarsdepartementet for 1999 kan overføra ledige midlar på kap 1731, post 72 Avgongsstimulerande tiltak til same kapittel under post 01.

## V

## Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Forsvarsdepartementet kan auke bestillingsfullmaktene slik:

Kap 1731, post 01 vert auka med	40 000 000
frå kr 450 000 000 til kr 490 000 000	
Kap 1733, post 01 vert auka med	20 000 000
frå kr 1 000 000 000 til kr 1 020 000 000	

---



---